



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1373-2

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval	04.11.2025	37/25
Kommunestyre	11.12.2025	70/25

Søknad om stønad til turveg Skafsåskogen

Saksframlegg godkjent 27.10.2025.

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Til Tokke kommune_frå Skafså grendelag
- 2 Skafsåskogen_kart
- 3 Skafsåskogen informasjon til Jan Olav Hemsing_ 22.10.25
- 4 Uttale frå Tokke idrettsråd - Turveg Skafsåskogen

Bakgrunn for saka

Skafså grendelag søker Tokke kommune om tilskot på 200 000 kr til etablering av ein 3 km lang turveg i Skafsåskogen, Frå badeplassen ved Åmlivatn til Skafså kyrkje. Langs turvegen ynskjer grendelaget og å etablere ein gapahuk.

Målet med tiltaket er å gjera det lettare for fleire å ta nærturar, vegen skal kunne brukas med bornevogn, rullestol og sykklar. Turvegen vil og gje eit meir trafikksikkert alternativ for dei som ynskjer å kome seg til badeplassen utan bil. Gjennomføringa av tiltaket skal skje i dialog med grunneigarar, og være tilpassa landskapet og sårbare område der ein bruker reversible løysingar.

Grendelaget samarbeider med 59* nord, som skal stå for planlegginga av tiltaket saman med ei lokal arbeidsgruppe. Det er frå før sendt inn ein søknad på prosjektleinga i 2026 og 2027 til Tokke kommune.

Totalkonstaden for prosjektet Skafsåskogen er estimert til 2 070 000 kr. Grendelaget skal søkje om ekstern støtte til prosjektet både i spelemiddelordninga og andre stønadsordningar.

Finansieringskjelde	Status	Beløp
Spelemidlar (turveg og gapahuk)	Ikkje søkt	1 035 000 kr
Sparebankstiftingar og andre tilskotsordningar	Ikkje søkt	800 000 kr
Eigeninnsats og lokale bidrag	Planlagt	35 000 kr
Tokke kommune	Søknad om medfinansiering	200 000 kr
Totalt		2 070 000 kr

Finansieringsplan Skafsåskogen

Saksutgreiing

Prosjektet er i tråd med kommunens målsettingar innanfor folkehelse og friluftsliv. Samfunnsdelen av kommuneplanen peikar på folkehelseutfordringar som eit kommunalt ansvarsområde og gjev blant anna kommunen rolla som pådrivar for strategiske folkehelseiltak gjennom støtte og aktivt samarbeid. Tiltak som turvegen i Skafsåskogen er eit godt døme på eit lågterskeltilbod som mange kan bruke og ha glede av. Tokke kommune skal ha tilgjengelege og gode uteområde med universell utforming for å stimulere til aktivitet. Tilrettelegging av turvegar skal ivaretaast og utviklast i eit langt perspektiv.

Prosjektbeskrivinga vektlegg at tiltaket skal tilpassast landskapet og skåne sårbare naturtypar.

Det vedlagte kostnadsestimatet syner at store delar av budsjettet skal brukast på klopp og bygging av turveg. Om lag halvparten av kostnadane skal dekkast av spelemidlar. Retningslinene for turveg i spelemiddelordninga set minimumsbreidda for turveg til 1,2 meter. Ryddebredde vil normalt være 2-4 meter. Grendelaget må og ha avtaler med grunneigar på minimum 20 år for å få søknaden spelemiddelgodkjend.

Konklusjon

grendelaget søkjer om stønad til eit prosjekt som er i tråd med føreseigna i samfunnsdelen av kommunedelplanen. Tiltaket gjev innbyggjarane i Tokke eit universelt utforma fritidstilbod og lett tilgang til naturen. Store delar av prosjektet skal finansierast med søknadar til stiftingar og spelemiddelordninga, det er difor ikkje sikkert at prosjektet blir finansiert i tråd med den presenterte planen eller at grendelaget får tilslag på alle søknadane. Dette gjer og at eit vedtak om eventuell stønad må ha visse atterhald. Til dømes kan vedtaket utformast slik att midlane ikkje blir utbetala før spelemiddelsøknaden har blitt innvilga og fått tildeling av fylkeskommunen. Ved eit slikt vedtak har ein framleis sikra finansiering om søknaden hamnar på «venteliste» og til dømes får tildeling i 2027.

Kommunedirektørens tilråding

1. Tokke kommune støttar Skafså grendelag med 200 000 kr til prosjektet «Skafsåskogen»
2. Midlane utbetalast frå disposisjonsfondet det same året fylkeskommunen tildeler midlar til søknaden.